



Streidesauen visste kor det var godbitar å bente. Her er ho svært så pågåande og lite redd småjentene på Hålandsstødn. Frå venstre: Kari Reidun Fossan (Brådland), Bjørg Danielsen og Bjørg Tove Haaland (forfattar av denne historia).

Smalhuset på Håland, bruk 2, omkring 1960

Eg har mange minne frå tidleg barndom på Håland. Den beste plassen var løa med hest, kyr og sauer. For meg var sauene det gjevaste.

Det var langt frå våningshuset til løa for korte småjentebein. Men, som 5-6 åring fekk eg gå i smalhuset åleine. Sjølv eventyret!

I smalhuset var det halvmørkt og lågt under taket. Det var ein midtgang med «ede» av tre og bingar til sauene på kvar side. Me la høy oppi edene og ei grind oppå så høyet skulle halde seg på plass.

Lukta av saueskit og ull, varmen frå dyra, jortelyden og brekinga sit spikra i minnet. Eg kunne sitja der i timar om ingen vaksne sakna meg. Eg hadde sauejumper for lukta var stram når eg kom inn etter smalhusbesøk. Me skulle ikkje lukta fjøs i stova sa ho mor.

Eg lærte tidleg at eg måtte skilja mellom sau, gimmer og lammalam. Og veren sjølsagt. Han skilde seg ut, stor og brei over nasen som han var. Veren hadde si festtid om hausten, då måtte dei vaksne vera påpasselege og kvar dag sjå kva for ei av søyene som var brunstig. Eg fekk ikkje vera med i smalhuset under paring, eg var for liten og attpåtil jente.

Far lærte meg namna på alle våre ca 40 sauer, og når eg som vaksen såg att saueboka til far hugsa eg mest kvar sau som sto der.

I saueboka sto namna, kva tid dei skulle lemma, om lemminga gjekk godt og kor mange lam kvar sau fekk.

I hovudsak fell sauenamna i to grupper, somme etter utsjånad, somme etter kor dei helst var å finna på fjellbeite.

Av dei som fekk namn etter korleis dei såg ut kan eg nemna:

«Blåe halsen», «Svartnås», «Krulla», «Kjempå», «Raude i håve», «Långå», «Prikknås», «Stora kvida i håve», «Litla brogå», «Store øyrene», «Mosete», «Stora brogå», «Svarta auga», «Fina», «Blanke i håve» og «Bruna i håve».

Nokre fekk namn etter kor dei helst beita, til dømes hadde me «Streidesauen», «Stølssauen», «Urbekksauen», «Espedalssauen», «Såmtjønssauen», «Nordalssauen» og «Lisauen».

«Torsteinsauen» og «Mikalsauen» hadde namn etter kven me fekk dei i frå.

Andre hadde ein karakter eller uvane som spegla seg att i namnet deira;

«Haren» (som var ein meister til å komma seg over gjerdene), «Bæktaren» (som aldri kunne teia stilt), «Spage» (som kunne liggja med hovudet i fanget mitt og måtte skifta namn til «Björg Tove sin», «Trillingsauen», «Sovaren» (som mest alltid låg og sov), og ikkje minst «Heptesauen» som gjekk seg i hepte fleire gonger og måtte bergast av Kristen i Kommedal. Kristen sto høgt i kurs hjå meg!

I 1958 hadde me ein sau av rasen Norsk Sau. Den var liten og smal over nasen. I saueboka 1961 står både «Gamle norske» og «Litle norske». Eg meiner dei norske bare fekk eitt lam kvar, ikkje så bra. Det skulle helst vera tvillingar. Eg trur sauerasen elles var Rygjasau.

I året 1961 var det mor og eg som hadde ansvar for lemminga. I Saueboka er det meir å lesa enn vanleg: Heptesauen fekk trillingar, i boka står «ett dødt pga kumelk?»

Me måtte tilkalla hjelp i frå Kåre Fossan på Brådland på skjærtorsdag; «Lammet til Torsteinsauen sitt lammalam sat fast».

Ellers var det Mikal på bruk 1 som oftast var fødselshjelpar. Det var og Mikal som måtte få dødfødte lam for å leggja skinnet over eit anna lam (som sauen av og til let seg lura av.)



Svoltne og ivrige kopplam får melk. Björg Tove og mor Aslaug Haaland matar.

Eg trur det var var far Dagfinn som fann namn til sauene. Han var svært glad i dyra. så på bruk 2 blei sauene gamle. Favoritten til far var den som heitte «Krulla», ho hadde bølger i ulla si. Far likte ikkje å senda dyr til slakthuset, og viss heimeslakt var naudsynt så sprang han til fjells (sa Mikal).
Då me flytta til byen og Dagfinn Frafjord tok over sauene hugsar eg han lo litt over at det var fleire gamle sauer som mest ikkje hadde tenner att.

Eg lengta etter sauene og smalhuset i mange år etter eg vart byjente.

Til slutt : På Bruk 1 hadde dei og namn på sauene sine. Eg gjorde store augo når eg hørte somme av namna; «Syrumpa» og «Vommiskinn».

Men sauene på Bruk 1 kan Tone Marit fortelja meir om.

Stavanger 31.oktober 2025

Björg Tove Haaland



Regnversdag. Bestefar Peder følger ein saueflokk utetter "Nye veien". Denne vegstubben fekk namnet etter at det vart bygd ny veg opp til Håland omlag 1910. Bilete er teke ca. 1940 - men vegstubben har framleis nemninga "Nye veien". På bilete ser vi elles at Litlalonå er flaumstor.